



Heile Noreg seier nei til EU

(NPK–NTB): Nei-sida kan glede seg over ny rekordmåling. Alle landsdelar, alle aldersgrupper, alle inntektsgrupper og både kvinner og menn seier no nei til EU, 35 år etter at Noreg sa nei til dette europasamarbeidet for første gong.

I alt 52,5 prosent av norske veljarar seier nei til EU. Ja-sida har støtte frå 35,6 prosent av veljarane, medan 11,9 prosent høyrer til veit-ikkje-gruppa. Det kjem fram i den månadlege EU-målinga som Sentio har gjort for Nationen, Dagen og Klassekampen.

Målinga viser at veljargrupper som tidlegare har hatt klart ja-fleirtal, no har fått overvekt av veljarar som ville stemt

nei til EU-medlemskap dersom det var folkeavstemming i morgon. Blant mennene er det 48 prosent som seier nei, og 43 prosent som seier ja.

Oslo og dei største byane har vore ja-bastionar, men no svarar 44 prosent av alle innbyggjarane at dei ville ha stemt nei i ei ny avstemming, medan 42 prosent ville ha stemt ja.

Også blant veljarane i partia er det massive forskuvingar over til nei-sida. Med unntak av Høgre er det fleirtal av nei-folk i alle parti, frå FrP til RV.

16,9 prosent skil no ja-sida og nei-sida. Til samanlikning var avstanden 4,4 prosent ved EU-avstemminga i 1994 og 7 prosent ved folkeavstemminga i 1972. (©NPK)